

# Rapport om målbruk i offentlig teneste 2014

## Innhold

Om rapporten.....	3
Forklaring til statistikken .....	3
Resultat frå underliggjande organ.....	3
Nettsider.....	3
Figur 1 Nynorskdel på statlege nettsider, i prosent .....	4
Korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider.....	4
Figur 2 Talet på statsorgan som oppfylte krava i mållova i korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider.....	4
Sosiale medium .....	4
Figur 3 Nynorsk i sosiale medium, i prosent .....	5
Skjema .....	5
Figur 4 Skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent.....	5
Klagesaker .....	5
Resultat frå departementa.....	6
Dokument under 10 sider .....	6
Figur 5 Nynorsk i dokument under 10 sider hjå departementa, i prosent.....	6
Dokument over 10 sider.....	6
Figur 6 Nynorsk i dokument over 10 sider hjå departementa, i prosent.....	7
Stortingsdokument.....	7
Figur 7 Nynorsk i stortingsdokument, i prosent.....	7
Tiltak i 2015 .....	7
Nynorskkurs.....	7
Møte med departementa.....	7
Masteroppgåve om feil i eksamensoppgåver på nynorsk.....	8
Kommunikasjon.....	8

## Om rapporten

Dette er den statistiske oversikta over fordelinga mellom bokmål og nynorsk i staten i 2014. Statistikken er ført på grunnlag av eigenrapportering frå statsorgan til Språkrådet og gjeld sentrale statsorgan, dvs. statsorgan som har heile landet som tenestekrins. Departementa er omtalte i ein eigen del av rapporten.

Rapporten inneheld tal frå 136 underliggjande organ og 16 departement, medrekna Statsministerens kontor.

### Forklaring til statistikken

Målbruk er meir enn berre tal, så statistikken gjev berre ein peikepinn på korleis det står til med målbruken i staten. Statsorgan som har ei svak veksling, kan ha mykje nynorsk i sentrale tekstar, slik at det reelle bidraget til jamstillinga mellom målformene er større enn tala tyder på. Likeins kan eit statsorgan med relativt jamn veksling bruke nynorsk i mindre sentrale tekstar, slik at måljamstillinga i realiteten er svakare. Små endringar kan såleis ikkje tolkast i særleg grad verken i den eine eller andre retninga.

Tal for dei einskilde statsorgana ligg i egne dokument. Språkrådet tek atterhald om feilføringar og feilrapporteringar i statistikken.

Statsorgana rapporterer i faste kategoriar i eit skjema som Språkrådet og Kulturdepartementet har utarbeidd. Tilsynet med departementa har tidlegare lege hjå Kulturdepartementet, men vart overført til Språkrådet frå og med 2015.

Departementa rapporterer i kategoriane dokument under 10 sider, dokument over 10 sider og stortingsdokument.

Etatar under departementsnivå rapporterer i kategoriane nettsider, tekstar under 10 sider, tekstar over 10 sider, sosiale medium og skjema. I alle kategoriane utanom skjema er føremålet å finne ut korleis statsorgana ligg an i forhold til det lovpålagde vekslingskravet på 25 %. Skjema skal liggje føre på både bokmål og nynorsk, så der rapporterer statsorgana inn kor mange dei har, og kor mange som ligg føre i begge målformene.

## Resultat frå underliggjande organ


Målbruken hjå underliggjande organ har ikkje endra seg i særleg grad sidan 2013, sett bort frå i kategorien skjema.

### Nettsider

I gjennomsnitt hadde ein statleg nettstad 15,2 % nynorsk i 2014, noko som er noko høgare enn i 2013, men ikkje veldig mykje. Framgangen har vore jamn i denne kategorien dei siste åra, men kan no sjå ut til å ha flata litt ut.

Nettsider er den mest usikre kategorien å måle veksling i. Målemetoden Språkrådet brukar, eit Google-søk på ordpar, har veikskapar. I tillegg har mange statsorgan store nettstader, der


mykje av stoffet er lite relevant eller gammalt. Statistikken seier heller ikkje noko om i kva grad begge målformene er representerte i det mest lesne tilfanget på nettstaden, noko som er viktig for den reelle jamstillinga. Biletet av målbruken på statlege nettstader kan med andre ord ikkje avgjerast på bakgrunn av denne statistikken aleine, men han gjev likevel ein peikepinn på stoda.



Figur 1 Nynorskdelen på statlege nettsider, i prosent

### Korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider

Kategoriene korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider er eigne kategoriar fordi dei inneheld ein god del sentrale publikasjonar, til dømes stillingsannonser og årsrapportar. Totalt sett er det ein del statsorgan som oppfyller krava i desse kategoriene, men det er òg ein del som ikkje har tilfang, særleg i tekstar over 10 sider. Vekslinga i desse kategoriene er ganske jamn.




Figur 2 Talet på statsorgan som oppfyller krava i mållova i korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider

### Sosiale medium

I gjennomsnitt publiserte statsorgana 12,7 % av meldingane sine på nynorsk i sosiale medium i 2014. Det inneber at framgangen i denne kategorien held fram. Sosiale medium er


ein viktig og svært synleg kanal for mange statsorgan, og det er viktig for måljamstillinga at vekslinga der er jamn. Dei korte tekstane bør gje statsorgana eit godt høve til å få ei jamnare veksling i denne kategorien.



Figur 3 Nynorsk i sosiale medium, i prosent

## Skjema


2304 av 3618 innrapporterte skjema låg føre i begge målformene i 2014. Dei fleste av skjemaa som ikkje gjorde det, mangla på nynorsk. Talet på innrapporterte skjema varierer mykje frå år til år, og det tyder på ein del feilrapportering. Det fører igjen til at resultatata svingar ein del i denne kategorien.



Figur 4 Skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent

## Klagesaker

Talet på klagesaker har gått gradvis nedover dei siste åra, og i 2014 er talet omtrent det same som i 2013. Av dei 43 klagane galdt 10 eksamen i feil målform. Språkrådet har tidlegare vore inne på at alle klagane som vart sende inn ein periode, tydde på at det var færre brot. Talet for 2014 kan framleis vere ein effekt av det. Samtidig ser Språkrådet at enkeltpersonar som nokre år har sendt mange klagar, sender færre. Språkrådet god grunn til å tru at dei aller fleste brot på mållova aldri blir melde inn.



Figur 4 Talet på klagesaker


## Resultat frå departementa

For departementa er det berre målbruken i dokumentkategoriar som blir målt, slik tradisjonen har vore i Kulturdepartementet, som tidlegare har ført statistikken. Nettsider og sosiale medium er såleis ikkje med i statistikken.

Målbruken i mange faste dokument i departementa er prega av tradisjon. Likevel ser me svingingar frå år til år. I og med at 2014 var fyrste gongen Språkrådet behandla rapportar frå departementa, er det vanskeleg for oss å analysere resultatata.


## Dokument under 10 sider

Nynorskbruken i dokument under 10 sider har gått gradvis tilbake dei siste åra og er no samla sett eit stykke unna vekslingskravet.



Figur 5 Nynorsk i dokument under 10 sider hjå departementa, i prosent


## Dokument over 10 sider



Figur 6 Nynorsk i dokument over 10 sider hjå departementa, i prosent

Departementa ligg samla sett framleis langt unna å oppfylle krava i mållova i denne kategorien, og tilbakegangen frå 2013 er kraftig.

### Stortingsdokument



Figur 7 Nynorsk i stortingsdokument, i prosent

Stortingsdokument, som omfattar proposisjonar og stortingsmeldingar, er den kategorien der departementa samla sett har den jamnaste vekslinga. Likevel oppfyller dei samla sett ikkje krava i mållova.

## Tiltak i 2015

### Nynorsk kurs

Det vart halde ni nynorsk kurs i 2014. Per 15. oktober har Språkrådet halde åtte nynorsk kurs i 2015, og to av dei var opne.

### Møte med departementa

I februar 2015 hadde Språkrådet møte med departementa om målbruk på nettstaden [www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no). Utgangspunktet for møtet var at nettstaden hadde blitt endra og

relansert utan at nynorsken var representert i særleg grad, mellom anna finst ikkje nettstaden no i no norskspråklege versjonar. Det skapte mykje merksemd. Dei fleste departementa var representerte. Språkrådet orienterte om reglane og nettredaktørane fortalde om kva rutinar og praksis dei hadde for å veksle mellom målformene. I etterkant av møtet har Språkrådet òg hatt kontakt med Service- og tryggingorganisasjonen til departementa, som har ansvaret for mykje av rammeverket på nettstaden. Det ser ut til at målbruken på nettsidene har blitt jamnare.

Masteroppgåve om feil i eksamensoppgåver på nynorsk

Masterstudent Jorunn Simonsen Thingnes leverte våren 2015 masteroppgåva *Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar* ved Universitetet i Oslo. Den avslørte at det er mykje feil i eksamensoppgåver som blir gjevne på nynorsk ved universitetet. Gjennom samtalar med tilsette avslørte oppgåva sviktande rutinar for kvalitetssikring av språket i eksamensoppgåvene. Thingnes var i Språkrådet i august 2015 og heldt eit innlegg på fagmøtet. Ho skreiv òg ein tekst om temaet i Språknytt 3/2015.

Kommunikasjon

I Statsspråk 1/2015 vart Barneombodet intervjuet om nynorskarbeidet sitt. Barneombodet har fått ei langt jamnare veksling mellom målformene dei siste åra og har vore flinke til å heve nynorskkompetansen blant dei tilsette.

Informasjonen om mållova på nettsidene til Språkrådet er vonleg lettare tilgjengeleg etter at dei vart lagt om.